



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
17.08.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/8099 542.1
Dykkar referanse
«REF»

Blom Fiskeoppdrett AS
Ulvøyvegen 130
5337 Rong

Endra utsleppsløyve for Blom Fiskeoppdrett AS på lokaliteten Rekeviki i Lindås kommune

Blom Fiskeoppdrett AS får endra løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 1.560 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokaliteten Rekeviki i Lindås. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16, og endra i medhald av forureiningslova § 18.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS av 10. juni 2015 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune same dato. Lindås kommunen gav dispensasjon frå arealplan i vedtak 4. juni 2015.

Verksemnda søker om løyve til auka arealbruk og utskifting av stålanlegg til 3 stk. plastringar i rammefortøyningar på 100 x 100 m. Det er ikkje søkt om endring i produksjonsvolum. Gjeldande utsleppsløyve på lokaliteten Rekeviki er datert 23. august 1993. Fylkesmannen meiner dette treng oppdatering, jf. forureiningslova § 18 tredje avsnitt.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå ordinær reingjering av produksjonsutstyr og medisinerer av fisk. Pr dato finst det ikkje eigne retningslinjer for dosering av lusemiddel og oppdrettar må kunne rekne med endringar i regelverket. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemnda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemnda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følger direkte av produktkontrollova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og sidan dette dreier seg om ei oppdatering av gjeldande utsleppsløyve gjort ei avgrensa vurdering etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld auke i arealbruk og utskifting av stålanlegg med plastringanlegg.

Tilhøvet til plan

Lindås kommune har i vedtak 4. juni 2015 gjeve dispensasjon frå gjeldande arealplan til å plassere eit plasthanlegg med tre bur og tilhøyrande rammefortøyning, utanfor det området som i gjeldande plan er sett av til føremålet akvakultur og i samsvar med søknad datert 21.05.2015.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Tiltaket inneber inga endring i produksjonsvolum og vil mest truleg ikkje bety ei forverring av situasjonen for laksefisk, naturven og friluftsliv. Lindås kommune har i sitt dispensasjonsvedtak tatt med eit eige punkt om dette: «Avbøtande tiltak for å sikre grunneigarar og ålmenta sitt tilgjenge til og høve til å nytte området til rekreasjon og matauk, skal utarbeidast i eit samarbeid mellom grunneigarane, Lindås kommune og Blom Fiskeoppdrett AS».

Søknaden har vore ute til offentleg ettersyn utan at det kom inn merknader til søknaden. Lindås kommune har heller ikkje merknader til søknaden.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten er plassert i vassførekomst Austfjorden (0261040300-C) som har god økologisk tilstand. Austfjorden er indre del av Fensfjorden og er del av ein stor resipient med god vassutskifting. På lokaliteten Rekeviki er det ikkje gjort straummåling eller MOM C-gransking. Lokaliteten Rekeviki ligg innafor holmen Kråka. Største djup ut mot holmen er 290 m, medan Austfjorden er meir enn 600 m djup. Det er ingen terskel som skil lokaliteten frå Austfjorden.

Siste MOM B-gransking er frå juni 2014 då biomassen i anlegget var 838 tonn. Maksimal biomasse i anlegget var på 1167 tonn i august- Utslaktning skjedde i november. MOM B granskinga vart gjort 5 månader før utslaktning og etter at mindre enn 50 % av føret for denne generasjonen var nytta. Prøvetaking før maksimal belastning vil gje lågare skåre på B1-skjema i granskinga.

MOM B-granskinga i juni 2014 synte at lokaliteten var tydeleg belasta sjølv om granskinga vart gjort før maksimal belastning. 4 av 7 grabbskot var utan botngravande fauna.

Lokaliteten Rekeviki er ein hardbotnlokalitet. 4 av 10 grabbskot var utan innhald og ga null i skåre på B1-skjema.

Utskifting frå stålanlegg til plastringanlegg vil føre til at anlegget nyttar eit større areal. Det er mogleg at dette kan føre til at utslepp av organisk materiale blir spreidd over eit større område og får betre tilhøve for å bli omsett i økosystemet.

Støy

Tiltaket medfører inga endring.

Utslepp av kjemikal

Utsleppsløyvet frå Fylkesmannen blir gjeve for eit produksjonsvolum og miljøverknadene av utslepp av organisk materiale blir følgt opp med MOM – granskingar. I nyare tid har det kome fram at oppdrettsnæringa har hatt ei sterk auke i forbruket av kjemikalie knytt til avlusing og notimpregnering. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av desse stoffa verkar på miljøet. Vi viser her til forureiningslova § 7 og internkontrollforskrifta § 5 punkt 6. Av desse følgjer det at alle utslepp skal risikovurderast, og mogleg konsekvens av utsleppa skal vurderast og dokumenterast.

Naturmangfald

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med matfiskanlegget på lokaliteten i Rekeviki.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er MOM B-granskingar. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å skifte anleggstypen på lokaliteten Rekeviki. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den samla belastninga på resipienten Austefjorden blir uendra (naturmangfaldlova § 10).

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Blom Fiskeoppdrett AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Konklusjon

Fylkesmannen har merknad til søknaden om auka arealbruk og utskifting av anlegg på lokaliteten Rekeviki. Utsleppsløyvet på lokaliteten er frå 1993 og treng oppdatering. Det er

ikkje blitt utført straummåling eller MOM C på lokaliteten. Siste MOM B-gransking har manglar (utført på feil tidspunkt) og kan gje feil lokalitetstilstand.

Utsleppsløyvet frå 1993 må oppdaterast. Manglande miljøgranskingar må oppdaterast, dvs. at det må gjerast straummåling og MOM – C gransking etter frekvens som blir fastsett etter revisjonen av NS9410.

Fylkesmannen har ikkje merknad til utskifting av stålanlegg med nytt plastringanlegg.

Verksemnda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemnda utfører resipientundersøking med MOM C innan 2 år. Verksemnda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking (MOM-C), eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemnda er plassert i risikoklasse 4. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventna ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemnda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemnda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-5 om arbeid med endring av løyve. Verksemnda skal betale 5.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemnda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemnda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet godtar klagen, vil det overskottsbeløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemnda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing

Ingrid Torsnes
Senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN